

## Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Økonomistyring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Fastsetja krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet i avdelingar og underliggende einingar.
2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i kvalitetssystemet.
3. Utarbeida nærmere/konkrete retningsliner for bruk av risikovurderingar på økonomiområdet.
4. Utarbeida mal/rapportformat på tertialrapportane, herunder:
  - a. konkretisera korleis samanhengar mellom "produksjonen"/drifta og den økonomiske situasjonen skal omtalast
  - b. krav til utforming av tiltak, oppfølging og måling av effektar
5. Skriftleggjera/dokumentera dei prinsippa som i dag blir lagt til grunn ved vurdering av om det skal gjennomførast budsjettregulering. I denne samanheng bør det også vurderast om det vil vera tenleg å etablera og dokumentera prinsipp for gjennomføring av administrative lokale budsjettendringar.
6. Kartlegga behov og gjennomføra tiltak for å auka økonomikompetansen hos leiarar og økonomiarbeidarar i fylkeskommunen.
7. Laga ein handlingsplan innan 01.06.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.